



Sylvia Ingebrigsten

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2187 - 15/16815

Saksbehandlar:

Reidun Elin Johannessen

reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no

10.09.2015

Forsøk med leksefri skule

Meland kommune viser til oppmoding frå dykk, datert 13.08.2015, om å prøve ut leksefri skule i Meland kommune.

Generelt om lekser:

Skulen kan gi elevane lekser, slik at elevane kan øve seg på det dei har lært på skulen. Lekser er ikkje lovfesta i opplæringslova. Lekser har alltid vore eit pedagogisk reiskap for elevane sin læring. Skulen eller læraren kan òg velje å ikkje gi lekser. Lekser skal ikkje erstatte undervisninga på skulen.

Den einskilde elev har rett til å vere med å påverke eiga læring. Det betyr at eleven kan vere med å bestemme korleis ho eller han lærer best, og kva nivå på leksene som er rett for den einskilde eleven. Elevane har og rett til å få lekser som er tilpassa seg. Det betyr at skulen må ta omsyn til at elevane er forskjellige, og har forskjellige behov.

Skulane vil alltid leggje til rette for at:

- det ikkje vert gitt for mykje lekser, eller for vanskelege lekser
- ein tek omsyn til korleis den einskilde eleven lærer best. Einskilde lærer godt av lekser, mens andre elevar ikkje bør ha lekser.
- ein tek ta omsyn til at nokre barn har foreldre som ikkje kan hjelpe dei med leksene. Då må skulen sjå om eleven treng anna hjelp
- at alle elevar får same moglegheit til å vise frem sitt beste, og at alle elevar får like god opplæring.
- at lærarane samarbeider slik at dei ikkje gir for mye lekser til saman

Leksefri skule i Meland kommune:

I Meland kommune har ein drøfta internt dette med å ha leksefrie skular i kommunen. Det er ingen skular som i inneverande skuleår 2015-16 ønskjer å prøve ut leksefri skule. Bakgrunn for dette er at alle skulane i Meland kommune arbeider etter prinsipp som nemnt ovanfor når det gjeld lekser. Det betyr at skulane sett inn leksehjelp der behovet er størst, og at ein tilpassar leksehjelpa og vekeplanar for den einskilde etter behov. Det er avgjerande at føresette og elevar bruker sin rett til medverknad for å få lekser tilpassa når det er naudsynt, slik at eleven lærer best.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Brevet går i kopi til rektor på Sagstad skule, rektor på Meland ungdomsskule, rådmann og Utval for levekår (politisk organ). For meir informasjon i saka ta gjerne kontakt med aktuell rektor eller skulefagleg rådgjevar.

Med helsing

Reidun Elin Johannessen
skulefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Magne Lædre
Hilde Brendehaug Hugaas

Meland
ungdomsskule

Ingvild Hjelmtveit

Mottakere:
Sylvia Ingebrigsten